



Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Nettstadkart
Endre skriftstorleik
Lytt til teksten

søk

>>



>> Tenester til deg >> Nyhende >> Om Radøy kommune >> Den grønne øya >> Aktuelt

Du er her: [Framsida](#) / [Tenester til deg](#) / [Familie og born](#) / [Barnevern](#) / [Adopsjon](#)

Barnevern

- Melding til barnevernstenesta
- Hjelpetiltak frå barnevernstenesta
- Besøksheim/Å vere besøksheim
- Fosterheim/Å vere fosterheim
- Omsorgsovertaking av eit barn
- Samvære med born under offentlig omsorg for foreldre og andre
- Verjemål
- Alarmtelefonen
- **Adopsjon**

Adopsjon

GENERELT

Omtale

Når du adopterer eit barn, tar du det til deg som ditt eige. Adoptivbarnet får den samme rettslege stillinga som om barnet hadde vore ditt biologiske barn. Rettsforholdet til barnet sin opprinnelege familie opphøyrer.

Adopsjon av norske born innanlands kan starte på ulike måtar, og mange situasjonar kan føre til adopsjon. Eit barn kan bli adoptert av stefaren sin, stemora si eller fosterforeldra.

Adopsjonslova er ikkje til hinder for at det blir gjennomført adopsjon av ein vaksen person. Det blir ført ein streng praksis, særleg der det ikkje kan visast til at søkjaren har oppfostra barnet frå barneåra og adopsjon legaliserer eit faktisk foreldre-barn-forhold.

Det er mogleg å bli registrert som adoptivsøklarar til eit barn der foreldra samtykker til adopsjon. Eit fåtall små born blir tildelt ny familie etter at mor, eventuelt også far, har bede om hjelp til å adoptere bort barnet.

Dei fleste adopsjonar som blir gjennomførte i dag, dreier seg om adopsjon av born frå utlandet. Slik adopsjon startar med ein søknad om førehandssamtykke til å adoptere eit barn frå utlandet. Inntil adopsjonssøknaden blir sendt ut av landet, kan søkjarane òg vere registrerte som adoptivsøklarar innanlands.

Målgruppe

Adopsjonssøklarar

Kriterium/vilkår

Eit grunnleggjande vilkår for å gjennomføre ein adopsjon er at adopsjonen skal vere til gagn for barnet. Barne-, ungdoms- og familiedepartementet har utforma retningslinjer med barnets beste for auget: Til vanleg blir det ikkje gjeve godkjenning til søklarar over 45 år.

Generelt gjev det born større tryggleik å ha to foreldre enn éin. Ved adopsjonssøknad frå einslege blir det vurdert om søkjaren har spesielle ressursar i forhold til born.

Adoptivsøklarane må ha god helse både fysisk og psykisk. Samstundes må det etter ein konkret vurdering leggast vekt på at foreldra skal utgjere ei omsorgseining. Trygg og stabil økonomi blir vektlagt. Det er eit ufråvikeleg krav at dei som søker om adopsjon saman, er gifte med kvarandre. At paret også har vore sambuande skal tilleggjast vekt. For at forholdet skal ha vist stabilitet, blir det kravt minimum to års sambuar-/ekteskapstid. Utlandske krav kan avvike frå norske krav.

Organisasjonane som formidlar born med tanke på adopsjon, gjev råd og rettleiing om val av land.

Brosjyrer, dokumenter, kart og lignende

[Småbarnsforeldres rettigheter](#)

Samarbeidspartnarar

Barne-, ungdoms- og familieetaten har godkjent tre norske formidlingsorganisasjonar som òg er godkjende i aktuelle utland. Det er

- [Adopsjonsforum](#)
- [InorAdopt](#)
- Verdens barn

OM SØKNADSPROESSEN

Kontakt oss

Barne- og familietenesta
Solhallvegen 2
5936 Manger
Tlf: 56 34 92 80
Fax: 56 37 34 05

[E-post](#)
[Kart](#)

Sjølvetening

- Postliste
- Elektroniske skjema
- Min ID
- Nordhordlandskart
- Tinging av legetime og resept
- Kontakt oss

Les meir

- Fylkesmannen i Hordaland - barnevern
- Lov om barnevernstjenester
- Barne- og likestillingsdepartementet - barnevern
- Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Skriv ut denne sida

Lag pdf av sida

Tips nokon om denne sida

Rettleiing

Hovuddokumentet i adopsjonssøknaden er ein utfylt søknad om adopsjon, skjema Q-0296. Skjemaet skal brukast ved alle typar adopsjonssøknader. Ved parallelle søknader om born innanlands og utanlands blir det førebudd to søknadssett. Kommunen kan gje råd og rettleiing om søknaden. Kommunen greier ut søknad om førehandssamykke til adopsjon av born frå utlandet og søknad om å bli registrert som adoptivskjær til eit norsk barn. Etter at du er intervjuet, utformar kommunen ein sosialrapport. I slike tilfelle skal du difor først sende søknaden om adopsjon til kommunen. Du vender deg òg til kommunen når det gjeld blankettar for eigenmelding og legeerklæring om helse. Du kan kontakte ei adopsjonsforeining (sjå over) for informasjon og teikning av medlemskap. Stadfesting på at éi av desse har påtatt seg å formidle adopsjon, er eitt av vedlegga som skal liggje føre for kommunen ekspederer søknaden vidare. I så godt som alle saker krev norske styresmakter at adopsjon av born frå utlandet må skje gjennom ei av desse tre adopsjonsforeiningane. Du kan kontakte Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), sekretariatet for Faglig utvalg for adopsjonssaker, om søknad om å bli registrert som adoptivskjær innanlands. Telefon 24 04 40 00, post@bufdir.no.

Vedlegg

Skjemaet inneheld ei oversikt over kva for dokument som skal følgje søknaden. Dokument som er utarbeidde med formålet adopsjon, skal sendast i original versjon. Andre vedlegg kan sendast som kopi dersom kopien er stadfesta av offentlig tenestemann eller advokat.

Søknadskjema

[Blanketter til bruk ved søknad om adopsjon](#)

Handsaming av søknad

Barnevernstenesta intervjuer søkerane, utformar sosialrapport, gjev tilråding og oversender saka til Bufetats regionkontor. Regionkontoret er den statlege, regionale adopsjonsstyresmakta som gjer vedtak i dei fleste adopsjonssakene.

Høve til å klage

Eventuell klage sendast via regionkontoret, men må stilast til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Klagefristen er tre veker frå eit eventuelt avslag er mottatt. Sjå òg www.bufetat.no.

ANDRE OPPLYSNINGAR

Sist oppdatert: 08.09.2010